Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Emnenr. 29 | Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hol og Buksnes

Emne: Julenissen | Bygdelag: Bergsdal, Vian

Oppskr. av: Signe Wulff-Hormitzen | Gard: Helle

(adresse): Leknes i Lofoten | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.. Ja, mest.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) I 20-30-40 år har det nok vart brukt å kle ut en halvvoksen gut som julenisse som delte ut julegaver i enkelte familjer. Kanskje helst brukt i mer velstillede familjer. Kan huske at den einaste i nabolaget var ein handelsmanns familje som brukte å ha julenisse i ca 1915. Men truer helst at julenissesagnet er blitt kjent gjennom julehefter, julekort o. likn.

2) Nå i etterkrigstida har det vore skikk i Buksnes på enkelte garder at nokre unggutar har kledd seg ut til julenisse og gått frå gard til gard med en sekk på ryggen med nokre „godter" (rosiner, ½ eple nokre kaker el. likn.) laget til i passe porsjoner til hvert barn i nabolaget. Nissene skulle da trakteres med noe godt og de fikk ofte mer igjen i posen enn de ga bort.

3) Unggutar helst. Nissen skulle vore liten.

7333

4) Utstyret var ofte ei gammel tröye (jakke) gjerne med lappete ermer bukse bak og kne. Röd toptue og ferdig kjöpt maske.

5) Maskene kjöper en ferdig og resten lager en selv.

6) Skikken å gå julebukk er ikkje brukt nå i allfald og ikkje i de siste 30-40 år.
Men ordet julebukk – „julbokk" – har en i den skikken som er kjent både i Valberg Hol Buksnes og Borge – at en skal ikkje gå bort til naboen eller kjenninger första juledag.
Den som det gjorde vart kalla „julbokk". Men trakteren skulle den som kom. Elles „bar de ut jula" om nokon kom og de ikkje fekk noko å bite i. Til ungane vart det no helst ei kake i handa.

7) Nei har ikkje hort om det.

8 og 9) Her er lite segner om nissen men eit ein gamle som snakka om dei underjordiske eller „de" det var det samme som tuften aut. Dei skulle vel helst halde seg i fjåsen. Emma Eliseusdotter födt i Rolosfjord, Valberg 1846. busett i Østre Hol snakka ofte om at det måtte bli tidlig stilt i fjåsen om kveldane. Og endnu mindre likte ho at nokon gikk i fjåsen etter fjøstid. „De lika det ikkje de som under bor" sa ho.

7333
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Fortsatt om: "Julenissen." Emne 29.



Det hendte at ho flytta ein sau frå ein bås til ein annen. "Kofør?" spurte ungane. "Jau," svara ho, "det renn i banvogga til dei som under e." "Korleis kan du vite det?" ~~det~~ sa ungane. "Å," svara ho undvikande, "eg ha no fått eislags bud om det."
(Etter svigerfar, som til ovannemnde.)
Likeens sa mi oldemor, født i Bergsdal Vol, visste – i 1840. – når onkel Albert hoppa på fjøsgolvet: "Du skal hold stel for fór de som under bor."
Noko gaver har eg ikkje høyrt om.

7333

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING